



BARNEOMBODET

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO
E-post: postmottak@bld.dep.no

Deres ref: Vår ref: Saksbehandlar: Dato:
 13/01648-3 Ane Gjerde 20. november 2013

Høring - Forskrift om klagjering av morskap

Barneombudet viser til høyringsbrevet datert 09.10.2013 med forslag til forskrift til barnelova om klagjering av morskap.

Mandat

Barneombudet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tekne tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombudet skal særleg følgje med i at lovgiving til vern om barn sine interesser blir følgd, og at norsk rett samsvarer med dei forplikingane Noreg har etter FN sin konvensjon om barn sine rettar. Mandatet til ombudet er avgrensa til barn under 18 år.

Barneombudet støttar forslaget

Frå 1. januar 2014 vil det offentlege få ansvar for å klagjere morskap, viss dette ikkje er kjent.

I desse sakene er dei sentrale artikkane i barnekonvensjonen artikkel 3, som handlar om kva som er til det beste for barnet, og artikkel 7, om barnet sin rett til, så langt det er mogleg, å kjenne til foreldra sine.

Barneombudet har tidlegare støtta at det offentlege skal ha plikt til å fastsetje foreldreskap for barn når dette ikkje følgjer direkte av lova, eller når foreldra ikkje tar ansvar for å få det fastsett.¹ Innhaldet i forslag til forskrifta til barnelova gjeld korleis ein skal gjennomføre saksbehandlinga i saker kor morskap ikkje er klagjort.

Vi støttar forslaget til forskrift om klagjering av morskap.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Ane Gjerde
rådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

¹ Barneombudet. 2009. Høringssvar: Om farskapsutvalgets forslag til endringer i barnelovens kapitler om foreldreskap - NOU 2009:5 Farskap og annen morskap

Feltkode endret